

# AVTALE VEDKOMANDE KOMMUNAL KAI I LANGEDAL

Mellom Modalen kommune og Arne Hanstveit, Grethe Turid Hanstveit, Ottar Hanstveit og Terje Hanstveit eigar av gnr.75, bnr.3, er det inngått slik avtale for overtaking av kai i Langedal.

## **Bakgrunn for avtalen:**

I Langedalen er det etablert ein gammal kommunal kai for dei 3 bruka i området. Kaien vart tidlegare nytta for rutebåt med transport av folk, varer og post. Det er nokre få som nyttar kaien i dag, då fleire grunneigarar og hytteeigarar i Langedal har alternativ tilkomst med båt. Det er heller ikkje stor allmenn trafikk til staden.

Arne Hanstveit, Grethe Turid Hanstveit, Ottar Hanstveit og Terje Hanstveit har overteke garden i Langedalen. Kaien er lokalisert på deira eigedom.

I juni 2023 kontakta Arne Hanstveit Modalen kommune for å drøfte ei overdraging. Den kommunale kaien har i seinare år ikkje vore særleg vedlikehalde, og treng ei vesentleg vøle. Hanstveit har tilbode seg å overta kaien på nærmare avtalte vilkår.

Partane legg følgjande vilkår til grunn for denne avtalen:

1. Modalen kommune overdreg den kommunale kaien i Langedalen til Arne Hanstveit, Grethe Turid Hanstveit, Ottar Hanstveit og Terje Hanstveit utan vederlag.
2. Arne Hanstveit, Grethe Turid Hanstveit, Ottar Hanstveit og Terje Hanstveit tek på seg ansvar og kostnader med framtidig vedlikehald av kaien.
3. Etablerte bruksrettar til kaien for andre grunneigarar (i Langedal) skal ikkje verte forringa som følgje av denne avtalen.
4. Avtalen skal tinglysast på gnr.75, bnr.3.
5. Kaien skal framleis vere tilgjengeleg for allmenn tilkomst, som i dag, og ikkje merkast med i landstiging forbode/privat kai.

Denne avtalen er underteikna i 5 – fem- eksemplar, eit til kvar av partane.

---

Modalen kommune  
Ordfører

---

Arne Hanstveit  
Eigar av gnr.75, bnr 3,

---

Grethe Turid Hanstveit  
Eigar av gnr.75, bnr 3,

---

Ottar Hanstveit  
Eigar av gnr.75, bnr 3,

---

Terje Hanstveit  
Eigar av gnr.75, bnr 3,

Mo datert .....